

Nyheiter →

# Hotell, butikkar og fleire løyper - slik kan det bli sjåande ut i fjellet

Tysdag får politikarane servert planskisser for Nesfjellet som verkeleg smakar fugl.



issa: I 2026 ser Ecosign or seg at gatebiletet kan sjå slik ut i ein framtidig Nesfjellet Village. **FOTO:** SKISSE\_ ECOSIGN/BAUS ARKITEKTUR AS



**Olav Johannes Bøthun**

**Oppdatert:** 2. mars 2026 kl. 21:20

For 35 år sidan var det ein skiheis og nokre hytter i Natten. I dag er Nesfjellet ein destinasjon å rekne med. Om nye 35 år kan området vera staden alle snakkar om.

## «Alt» er med

Under møtet i hovudutval for utvikling tysdag får politikarane presentert to ulike framtidspakker frå grunneigarane. Det eine kjem frå Olav Erik Tandberg og Siri Tandberg og deira selskap. Det andre kjem frå Nesfjellet Prosjektutvikling, ved Bernhard Tandberg og Jørgen Haraldseth.



Originalen: I 1997 var hemsedøler i Whistler for å sjå korleis Ecosign har bygd ut alpinplassar i Canada.

**FOTO:** OLAV JOHANNES BØTHUN


Begge forslaga er veldig detaljerte. Politikarane bad i utgangspunktet om at dei to grupperingane kunne einast om ein felles masterplan. Slik gjekk det ikkje, men begge planane inneheld hotell, butikkar, annan overnatting og fordeling av løypenett.



1985: Ingenting å le av? Planteikningar for Nesbyen Alpinsenter 1985. Skulle bli eitt av dei leiande i Nord-Europa. Prislappen var 130 millionar. Mellom anna med gondolbane frå sentrum. **FOTO:** DBC ARKITEKTER / ## HALLINGDØLEN ##

## Hemsedal-inspirert

Nesfjellet Prosjektutvikling har mellom anna nytta seg av dei same rådgjevarane som for 30 år sidan peikte ut framtida for Hemsedal Skisenter, det canadiske selskapet Ecosign. Det canadiske stempellet er lett å sjå for den som har vore på kjende destinasjonar «over there» som Whistler og Sun Peaks.



2026: Slik ser ei av skissene ut. Den gir eit framtidsbilete av korleis turistmaskina i Nesfjellet kan bli sjåande ut, med nedfart til Rukkedalen og gondol frå Nesflata. **FOTO:** BAUS ARKITEKT

Gondolen frå Nesflata er sjølvsagt med, men blir berre ein liten bit av planen. Det blir

HT

nede i Rukkedalen.

Det blir hotell, leilegheitsbygg, butikkar og uteplassar. Det blir bruk for langt fleire folk enn i dag til å fylle anlegget, med både gjester og arbeidsplassar.



Utvikling: Biletet syner Nesbyen Alpinsenter 28. november 1993. Den midtarste av dei tre nedfartsløypene var den nyopna Rodegard-løypa. **FOTO:** AUDUN AASHEIM

## Berre starten

Men under møtet tysdag skal ikkje politikarane på nokon måte behandle forslag for framtida i fjellet. Smørbrøddlista er mildt sagt lang innan det blir snakk om å vedta ein plan. Dei overordna målsetjingane må på plass. Kommunen må ta stilling til utbygging av varme og kalde senger. Kor skal det byggast? Kor skal det ikkje byggast? Kor skal løypene gå? Kor skal heisane gå? Kor skal vegane gå?

– Kommunedelplanen held på for fullt. No legg me opp til siling av innspel i tråd med vedteke planprogram, skriv kommunalsjef Jeanette Kaspersen i saksvurderinga.

---

**Publisert:** 2. mars 2026 kl. 21:20

**Oppdatert:** 2. mars 2026 kl. 21:20

UTFORSK TEMA

**NESBYEN**

---

E ARTIKLER